

Elin H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 Lindås

Våge, 10.09.2019

Lindås kommune, byggesak  
v/Tone M. Berland Furustøl

kopi:

Lindås kommune, landbruksavd.  
Hordaland fylke v/Sigrun Wølstad

## **MASSIVT GRAVEARBEID PÅ 99/4 - I STRID MED TIDLEGARE VEDTAK OG I STRID MED 99/4 SINE KONSESJONSVILKÅR**

Alf Eikevik, gnr 99 bnr 4, er no i ferd med å gjøre nøyaktig det same som han gjorde då Lindås kommune fekk stoppa hans ulovlege graveverksemد straks etter at han hadde kjøpt. Han er no i ferd med – ved bruk av 18 tonns tung gravemaskin, å grave systematisk vekk alt av landskap og jordmasse over eit stort område i tunområdet på bmr 99/4, utan at her foreligg noko som helst søknad eller løyve. Det er heilt uoppretteleg det som skjer: alt av det tidlegare urørte kulturlandskapet i tunet og området vert skrapa heilt ned til berget og flytta ut i store dungar. I kveld har gravinga halde på til klokka åtte.

Då A.E.vinteren 2014 gjorde same ulovlegheit, berre lenger sør, vart han stoppa av LK og pålagt tilbakeføring. Dette er ikkje gjort, i staden vidarefører han no sin uttalte plan om å utradere *heile* det gamle kulturlandskapet, denne gongen det sentrale kulturlandskapet i tunet. Eit fundamentalt krav i den konsesjonen 99/4 Eikevik *fekk*, var hans forplikting på å ivareta kulturlandskapet. Eikevik fekk jamvel konsesjon under sterk tvil, i konkurransen med dei som *verkeleg* hadde genuin interesse for å ivareta *akkurat* dette landskapet. Gjennom Eikevik si systematiske **fjerning** av det kulturlandskapet han er **pålagt** å ivareta, syner han seg grunnleggjande uskikka. Dette er hans andre omfattande sjølvtekts i eige tun, som heilt systematisk går ut på å utradere kulturlandskap i stort omfang utan at verken søknad eller løyve foreligg, og stikk i strid med lovverket:

- i strid med konsesjonen
- i strid med plan- og bygningslov
- i strid med nabolov
- i strid med kulturminne-lovverket
- 

I samband med fornminne-funn gjort i tunet på Våge har Hordaland fylke gitt følgjande uttale i «*Kulturminnefagleg fråsegn – Våge- gnr. 99 bnr 4 og bnr 1 – dispensasjon – riving av bygg og oppføring av ny bustad og sekundær bustad samt etablering av ny tilkomstveg – Lindås kommune*», dat. 1.10.2018», sitat: «*Ved innsending av ein eventuell ny søknad og før det vert fatta vedtak etter pbl. § 20 ber me om at saka vert sendt oss som kulturminnemynde, slik at me kan utføre den arkeologiske registreringa*». Ein del av den jorda som Eikevik no flyttar om på inne i tunet sitt har han ulovleg tilrana seg frå 99/1 gjennom ulovleg sjølvtekts hausten 2018, denne jorda er såleis direkte råka av fråsegna ovafor, og burde vore undersøkt. Det same gjeld vel også området der Eikevik no ulovleg driv avgraving, i og med at dette tidlegare var del av tunet på 99/1.

Pr. idag foreligg det ingen søknad eller løyve som ein kjenner til om noko som helst på 99/4. No utryddar Eikevik *totalt* alt det gamle kulturlandskapet på 99/4 før ev. ny søknad foreligg og skal behandlast, dette kan ikkje vere anna enn kriminelt og i sterkt strid med lovverket. Ein søknad skal jo behandlast på bakgrunn av eit *eksisterande* kulturlandskap, ikkje på bakgrunn av eit totalrasert og nykonstruert landskap etter eige forgodtbefinnande.

Eikevik framstår etter dette totalt uskikka som tiltakshavar. Eikevik kjøpte eit særprega og idyllisk tun og småbruk med sterke landskapsmessige kulturverdiar, dei alvorlege overgrepene og ulovlege sjølvtekten har Eikevik begått i strid med lovverket.

På bakgrunn av dette vil eg påberope at E. er uskikka, og vidare at grunnlaget for konsesjonen er broten i og med at konsesjonskrava om ivaretaking av kulturlandskapet er grovt misleghaldne. Eg bed Lindås kommune pr idag om at dei stoppar Eikevik sitt vidare gravearbeid.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust

(elektronisk brev, difor ikkje undeskrift)